

Samnanger kommune v/Arkivleiar Marianne Soleng

Tyssevegen 217  
5650 TYSSE

Dykkar ref.:

Vår ref.:  
15/357 - 2 / RL / 001

Dato:  
28.08.2015

## Fullmektige til å rekvirere tilbakelån av namngjevne personregistre frå IKA til kommunen

Vi gjer med dette merksam på at listene over namngjevne personar i kommunane som har fullmakt frå databehandlar, (kommunen v/rådmannen / arkivleiar) til å rekvirere tilbakelån av personregister som er deponert ved IKA-Hordaland no er utdaterte. I tråd med bestemmelsane i depotavtalen pkt. 1.4 og 4, arkivforskrifta § 5-10 samt personopplysningslova § 13, ber vi med dette om ei oppdatert liste frå alle kommuner.

### Bakgrunn

Jamfør depotavtalane og arkivforskrifta skal namngjeve personregister berre lånast tilbake til arkiveigar og den / dei som arkiveigar oppnemner. Ansvar for å gje fullmakt til tilbakelån av arkiv som er deponert hjå IKAH, ligg hjå Rådmannen v/arkivleiar som vert behandlingsansvarlig for depotarkiv, jamfør lov om behandling av personregistre. IKA –Hordaland IKS er å rekne som ekstern databehandlar / utførar.

Vi skal jamfør personregisterlova § 13 saman med kommunen gjennom planlagte og systematiske tiltak syte for tilfredsstillande informasjonssikkerhet med hensyn til konfidensialitet, integritet og tilgjengelighet ved behandling av personopplysninger. Vi er og saman med kommunen pålagt å dokumentere informasjonssikkerheit og sikkerheitstiltak jamfør personregistre.

Vi ber om at vedlagte xls. ark fylles ut og returnerast til oss **innan 30. september**. Personar med fullmakt som står på lista, vil få rekvirere personregister for tilbakelån. Om vi ikkje mottek ei liste innan denne dato, **vil det kun være behandlingsansvarlig d.v.s. Rådmannen v/ Arkivleiar som kan rekvirere personregister tilbake frå IKAH.**

Svar bes sendes til [post@ikah.no](mailto:post@ikah.no) Ta kontakt dersom noko er uklårt.

Med venleg helsing

Rune Lothe  
dagleg leiar

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur.

Vedlegg:

Fullmaktsoversikt

1329475

10.08.2015